



Stad kommune

## SØKNAD OM PLANUTTALE TIL BARNEHAGAR OG SKULAR

Etter § 6 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v"

Stad kommune er saksbehandlar og fattar vedtak, jamfør kommunelova § 28-1 a.

### SØKNADEN GJELD:

- |   |   |
|---|---|
| <input type="checkbox"/> Nybygg                   | <input type="checkbox"/> Skule              |
| <input type="checkbox"/> Rehabilitering/ombygging | <input type="checkbox"/> Barnehage          |
| <input type="checkbox"/> Tilbygg/tilleggsareal    | <input type="checkbox"/> Offentleg verksemd |
| <input type="checkbox"/> Driftsmessige endringar  | <input type="checkbox"/> Privat verksemd    |

### Namn på skulen / barnehagen:

Besøksadresse: [redacted]  
Postadresse: [redacted]  
Eigar: [redacted]  
Styrrar / rektor: [redacted]  
Telefon: [redacted]  
E-post: [redacted]  
Prosjektleiar: [redacted]  
Namn og adresse til utbygger: [redacted]

Vedlegg til søknad – sjå side 2 for informasjon om vedlegg som skal / kan sendast:

1. [redacted]
2. [redacted]
3. [redacted]
4. [redacted]
5. [redacted]
6. [redacted]

Skjema og vedlegg sendast pr. e-post: [post@stad.kommune.no](mailto:post@stad.kommune.no)

Postadresse: Rådhusvegen 11, 6770 NORDFJORDEID

Underskrift:

Stad, dato

Eigar / leiar

Alle barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular skal godkjennast etter "[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)" Føreskrifta sitt føremål er å ivareta barna sitt "arbeidsmiljø" ved å fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt førebygge skade og sjukdom.

Føreskrifta § 6 stiller krav om at det skal leggast fram søknad for godkjenningssmyndigheita når det ligg føre plan for etablering av ny verksemd eller for utviding eller endring av etablert verksemd. Skjema "[Søknad om planuttale til barnehagar og skular](#)" skal fyllast ut og sendast til Stad kommune saman med naudsynte vedlegg som skissert nedanfor. Det er viktig at søknaden vert sendt i ein fase av prosjektet når det framleis er moglegheit for endringar.

#### Vedlegg som *skal* følgje søknaden:

1. Skisse av prosjektet / tiltaket.
2. Framdriftsplan (oppstart riving, rammesøknad, igangsetting, ferdigstilling/oppstart av drift osv.)
3. Målsette planteikningar av verksemda.
4. Utomhusplan.

#### Vedlegg som *kan* følgje søknaden:

- Dokumentasjon på at grunnen er fri for forureining.
- Radonundersøkingar.
- Vurdering av elektromagnetiske felt
- Støyvurdering.
- Vurdering av luftkvalitet.
- Dokumentasjon på inneklime (temperatur, luftskifte mm.)

Vedtak om godkjenninga er eit enkeltvedtak og kan påklagast Fylkesmannen innan tre veker etter at det er gjort kjend for mottakar; jfr. Forvaltningslova. Klagen må innehalde ei grunngjeving. Klagen skal sendast til Stad kommune.

Dette søknadsskjemaet er utarbeidd med basis i lov, føreskrift og tilhøyrande rettleiarar:

- LOV 2011-06-24 nr 29: Lov om folkehelsearbeid. [Folkehelselova](#)
- [Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)
- [IS-2072 – Miljø og helse i barnehagen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)
- [IS-2073- Miljø og helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)

Når bygget er tatt i bruk skal "[Skjema for godkjenning av skular og barnehagar i kommunane etter føreskrift om miljøretta helsevern](#)" fyllast ut og leggast fram for godkjenningssmyndigheita. Dette skjema finn de også på heimesida til Stad kommune under Miljøretta helsevern.

Utfylt skjema vil saman med synfaring i barnehagen / skulen danne grunnlag for ei endeleg godkjenning av verksemda etter føreskrifta.

### § 1 Føremål

Føreskrifta sitt føremål er å bidra til at miljøet i barnehagar, skular og andre miljø som nemnt i § 2 fremjar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt førebygger sjukdom og skade.

### § 6 Krav om godkjenning

Verksemder som er omfatta av føreskrifta, jfr. § 2, skal vere godkjent av kommunestyre.

Godkjenning etter denne føreskrifta frittek ikkje for krav som er gjeve i medhald av anna regelverk. Søknad skal leggast

fram for godkjenningsmyndigheita når det føreligg plan for etablering, utviding eller endring av verksemda.

Søknad om godkjenning skal innehalde dokumentasjon som syner korleis verksemda sin eigar vil sikre at verksemda planleggast, etablerast, drivast og vidareutviklast i samsvar med føreskrifta sine reglar.

Det må framgå kor mange barn / elevar og tilsette verksemda er berekna for.

Planlagt driftsstart av barnehagen / skulen:

Kor mange barn er barnehagen berekna for?  Tal avdelingar:

Kor mange elevar er skulen berekna for?  Kor mange tilsette er verksemda berekna for?

1.-7.trinn

Ungdomsskule

1.-10.trinn

Vidaregåande

### § 7 Generelle krav

Verksemda som vert omfatta av føreskrifta, skal vere helsemessig tilfredsstillande.

Verksemda skal planleggast, byggast, tilretteleggast og drivast slik at føreskrifta sine reglar om trivsels,- helsehygiene,-

og tryggleiksforhold vert oppfylt på ein ålment akseptert måte.

### § 8 Plassering

Ved val av plassering for ny verksemd som vert omfatta av føreskrifta, skal det takast omsyn til trafikkforhold, luftforureining, støy, klimaforhold og risikoforhold i miljøet, samt området si utforming og topografi.

Merk av dei miljøforhold som er vurdert i forhold til plassering. Relevant dokumentasjon leggast ved søknaden.

Støy frå vegtrafikk eller andre kjelder

Ja  Nei  Ikkje aktuelt

Trafikkforhold, tryggleik på tilførselsvegar

Ja  Nei  Ikkje aktuelt

Forureina grunn

Ja  Nei  Ikkje aktuelt

Klimaforhold (sol, vind, evt behov for avskjerming)

Ja  Nei  Ikkje aktuelt

Elektromagnetisk stråling (transformator, høgspenfelt)

Ja  Nei  Ikkje aktuelt

Radon

Ja  Nei  Ikkje aktuelt

Kommentarar:

Er tomta slik at den gjev tilstrekkeleg rom for trygg leik, utfolding og utfordring?

Beskriv:

Er verksemda utsett for plagsom / skadeleg forureining som forbrenningsgassar, stråling, støy-, støv- eller luktplager frå industri i nærleiken?

Beskriv:

Er det tilfredsstillande belysning på uteområdet heile året?

Beskriv:

### § 9 Utforming og innreiing

Lokala og uteområdet skal vere utforma og innreia slik at føreskrifta sitt føremål vert ivareteke. Funksjonshemma sine behov skal ivaretakast.

Verksemda skal vere utforma og innreia slik at tilfredsstillande reinhald og avfallsthandtering er mogeleg.

Er det teke omsyn til god fysisk tilgjenge inne for personar med ulike funksjonsnedsettingar? Ja  Nei

Vert leikeareal inne i barnehagen i samsvar med norma?  
(Netto leike- og opphaldsareal inne pr. barn < 3 år = 5.3 m<sup>2</sup>, pr. barn > 3 år = 4 m)<sup>2</sup> Ja  Nei

Vert netto inneareal for elevar på skulen i samsvar med norma?  
(Netto arealstørrelse pr. elev min 2 m<sup>2</sup> pr. klasserom.) Ja  Nei

Er netto uteareal i barnehagen minimum 6 ggr. inneareal? Ja  Nei

Er utearealet i skulen i samsvar med generell tilråding? (Sjå rettleiar) Ja  Nei

Vil inngangspartiet bli tilrettelagt for å hindre at støv og smuss vert dradd inn i lokala? Ja  Nei   
(Sandkasse plassert i god avstand frå inngangspartia, overbygg over inngangspartia, rister ute, absorberande matter inne, mogelegheit til å spyle ute i barnehagen.)

Er det planlagt nok plass til yttertøy i eigna garderober eller låsbare skap? Ja  Nei

Er det planlagt vegghengte skohyller og lagt til rette for ordning med bruk av innesko? Ja  Nei

Kommentarar:

### § 10 Mogelegheit for aktivitet og kvile

Verksemda skal planleggast slik at den dekker ulike behov for aktivitet og kvile.

Vert uteareal tilrettelagt med varierte aktivitetar tilpassa ulike aldersgrupper, behov, ferdigheiter og årstider? Ja  Nei

Fins det eigna rom og / eller skjerma oppstillingsplass / vognboder som dekker behov for søvn og kvile? Ja  Nei

Kommentar:

#### § 14 Tryggleik og helsemessig beredskap

Verksemda skal planleggast og drivast slik at skadar og ulukker vert førebyggt. Verksemda skal ha rutinar og utstyr for handtering av ulukkes- og faresituasjonar. Rutinane og tryggleiksutstyret skal vere kjend for alle, herunder barn og elevar.

Vert leikeområde ute og utstyr planlagt i samsvar med norske standardar og "[Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr](#)"? Ja  Nei  Ikkje aktuelt

Kommentarar:

#### § 17 Smittevern

Verksemda skal planleggast og drivast slik at risikoen for spreiding av smittsame sjukdomar blir så liten som praktisk mogeleg.

Er alle innretningar som kan spreie Legionella utforma slik at dei gjev tilfredsstillande vern mot vekst og spreiding? (Jf Folkehelseinstituttet sin publikasjon "[Forebygging av legionellasmitte – en veiledning](#)")  
Ja  Nei

Beskriv kort:

#### §§ 19 – 21 Inneklima / luftkvalitet, lys- og lydforhold

Verksemda skal ha tilfredsstillande inneklima, herunder luftkvalitet. Temperaturregulering og ventilasjon skal vere tilpassa bruksområde og årstidsvariasjonar. Den relative luftfuktigheita i romma må ligge på eit slikt nivå at fare for muggdanning ikkje førekjem. Ioniserande stråling skal ikkje overskride eit allment akseptert nivå.

Vil det bli mogeleg å opne vindauge i alle opphaldsrom / undervisningsrom? Ja  Nei

Er det sikra at alle solutsette vindauge får tilstrekkeleg solskjerming?  
(Tilrådeleg med utvendig solskjerming.) Ja  Nei

Blir bygget si utforming tilrettelagt slik at reinhald kan utførast på ein tilfredsstillande måte? Ja  Nei   
(Avgrensing støvdeponi i høgda, helst lukka hyller, skap som går opp til tak. Materialval og utforming i samråd med reinhaldar, flater som er enkle å halde reine, god mogelegheit for reingjering i høgda, unngå hengande lysarmatur.)

Tilfredsstiller verksemda krav til belysningsstyrke?  
(jf. [Lyskultur sin rettleiar / normer om belysningsstyrke](#)) Ja  Nei

Vil alle opphaldsrom/undervisningsrom ha tilfredsstillande tilgang på dagslys og utsyn? Ja  Nei

Tilfredsstiller verksemda krav til lydforhold i lokaler / uteområde? Ja  Nei

(Jf. [TEK 10 under kap. 13](#) med tilhøyrande standard, NS 8175).

Evt. dokumentasjon leggst ved; vedlegg nr:

Kva type ventilasjonsanlegg vert det i skulen / barnehagen?

Kva type varmeanlegg vert det i skulen / barnehagen?

Kommentarar:

#### § 22 Drikkevatt

Verksemda skal ha tilstrekkeleg forsyning av hygienisk trygt drikkevatt som tilfredsstiller krav i Forskrift FOR 2001-12-04 nr. 1372: *Forskrift om vannforsyning og drikkevann* (Drikkevannsforskriften)

Er det tilfredsstillande tilgang til drikkevatt for barna / elevane? Ja  Nei

Namn på vassverk:

Kommentarar:

#### § 23 Sanitære forhold

Verksemda skal ha eit tilstrekkeleg tal tilgjengelege toalett og vaskar. Sanitære anlegg skal ha hygienisk tilfredsstillande utforming, kapasitet og standard.

**For barnehagar:**

Er det tilrettelagt med eitt toalett pr. 10 barn? Ja  Nei

Er det tilrettelagt med ein stelleplass pr. 10 barn under 3 år? Ja  Nei

Har alle handvaskar skåldesperre? Ja  Nei

Har alle handsvaskar såpedispensar og papirhandkle? Ja  Nei

**For skular:**

Er det tilrettelagt med eitt toalett pr. 20 elev? Ja  Nei

Er det tilstrekkeleg ventilasjon i sanitæranlegga? Ja  Nei

Blir det tilrettelagt for handvask; helst vaskerenner for barn/eleva i opphalds- og undervisningsrom, SFO, spiserom og toalett/stellerom? Ja  Nei

**Tilråding:** Vert toaletta på skulen utforma slik at det ikkje er risiko for at dei kan bli "mobbearena"? Ja  Nei

*(Heile veggjar frå golv til tak, toalett spreidd rundt i bygningen og ikkje store fellesanlegg)*

**Tilråding:** Blir det tilrettelagt for avskjerma dusjforhold på skulen? Ja  Nei

**Kommentarar:**

#### § 24 Avfallshandtering

Verksemda skal handtere og oppbevare avfall på ein hygienisk trygg måte slik at ulemper, her smittefare, vert unngått. Avfall skal oppbevarast forsvarleg. Eigna behaldarar skal finnast i tilstrekkeleg tal og vere plassert på ein eigna og forsvarleg måte.

Vert avfallsbeholdarar plassert slik at ein unngår lukt, fare for smitte, skadedyr etc? Ja  Nei

**Kommentarar:**